

Adjektiv

- a) Set ein ring rundt alle adjektiva i teksten:

Cecilia forsøkte å la vere å sjå på han. Ho lét blikket gli langs svaberga som strekte seg rundslipte og glatte ut på kvar side av bukta. Nokre måkar flaug i dorske, vide sirklar. Lenger ute var ein gammal fiskebåt på veg mot land. Kvelden og natta hadde vore stormfull, men no låg havet så stille at klippene og fjellblokkene ute ved fyret spegla seg i sjøen. Ho hadde eigentleg bestemt seg for ikkje å snakke med den nye guten eller mora hans som kom for å ta over ansvaret for pensjonatet. Den døde mannen hadde forandra på alt.

- b) Vel tre av adjektiva, og skriv ned så mange synonym til kvart adjektiv som du kan komme på:
-
-
-

- c) Vel tre av adjektiva, og skriv eit antonym til kvart adjektiv:
-
-
-